

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	21/03/2023
Vår referanse	2022/52564-8
Dykkar referanse	21/9592 - 23/18615
Sakshandsamar	Peter Forras
E-post	Peter.Forras@vlfk.no
Telefon	47690029

Kulturminnefagleg fråsegn - etablering av bru og parkering - gnr. 185 bnr. 35 - etablering av ny bru - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv viser til tidlegare dialog og synfaring 20.05.22 på staden der omsøkte tiltak er tenkt utført. I brev dagsett 23.05.22 viste vi til at vi ville ha tilsendt nytt teikningsgrunnlag som viste tenkt løysing for bru, flaumsikring i og omkring elvekanal og parkering. Vi ga ei fråsegn dagsett 26.09.2022, kor vi mellom anna kommenterte at parkeringsplass/snuareal burde reduserast, og at dei samla terrenginngrepa i kulturmiljøet vert så lite som mogleg. I brev dagsett 07.03.2023 vert saka send ut for ny uttale med utgangspunkt i tilleggsopplysningar om handtering av vatn m.m.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen sin arealdel er definert som LNF-SBE. Tiltaket ligg i omsynssone H570 bevaring for kulturmiljø og sone H710 som er bandleggingssone for regulering. Endringa frå tiltaket slik det vart skildra i brev dagsett 31.08.2022 og slik det er skildra i brev dagsett 07.03.2023, er i hovudsak storleik og teknisk utforming av betongbrua, samt ei utviding av elveløpet under brua. Parkeringsarealet er redusert i høve til opphaveleg forslag.

Utforminga av betongbrua, og bruken av naturstein langsmed elvekanten og i elvekanalbotnen har etter vår vurdering liten negativ verknad på kulturmiljøet. Tiltaket trygger området betre mot flaum. Flaumsikringstiltaka er grunngjeve i omsyn til tryggleik og veg tungt i høve til kulturmiljøverdiar, noko som gjer eit større handlingsrom for tiltak innanfor omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø. Utforminga av desse er akseptable, slik det er skildra i revidert søknad.

I vår fråsegn dagsett 26.09.2022 skriv vi at reduksjon av parkeringsareal er eit viktig moment for å minimere negativ verknad på kulturmiljøet. Parkeringsareala er etter det vi forstår ikkje grunngjeve i omsyn til tryggleik, og kan følgjeleg ikkje bli vekta på same måte i høve til kulturmiljøverdiar innanfor omsynssona. Eit utvida parkeringsareal reduserer det tradisjonelle kulturlandskapspreget i området og svekker verdiane knytt til kulturlandskapet ved å planere ut terreng og tilføre grått areal til området. Parkeringsareala bør minimum bli halvert, i sør-austleg retning, for å vere i tråd med verneføremåla i omsynssone H570. Sett bort i frå dette har vi ingen merknader til tiltaka.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik

leiar

KFO - Arealplan (Førde)

Peter Forras

seniorrådgjevar

KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift